



Kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane

Saksbehandlar, innvalstelefon

Trude Knutzen Knagenhjelm, 5764 3094

Sakshandsamingssystemet Agros - tilgangar i kommunane for SMIL- og dreneringsordninga

I 2019 opnar det nye elektroniske systemet Agros for handtering av saker som gjeld tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og tilskot til drenering av jordbruksjord, og som er overførte frå det gamle systemet, Saturn. Tidlegare har kommunen handsama søknadar om tilskot, utsett arbeidsfrist og oppmodingar om utbetaling, og sendt dette vidare til Fylkesmannen for registrering i tilskotssystemet. Frå årskiftet vil Agros opne for del- og sluttutbetaling, og inndraging av ev. restmidlar i gamle saker som er overførte frå Saturn. Frå februar opnar systemet for utsetjing av arbeidsfristar og elektronisk søknad via Altinn.

Sakshandsamar i kommunen vil handsame desse sakene elektronisk og sende dei vidare til godkjenning av ein person i kommunen med budsjettfullmakt. Vi treng difor namn på to dei personane i kommunen som skal ha tilgang til fagsystemet Agros med følgjande roller:

- Sakshandsamar og som fattar vedtak
- Person med budsjettfullmakt som skal godkjenne vedtak i Agros

I tråd med Økonomireglementet i staten vil Fylkesmannen framleis fordele tilsegnssrammer for ordningane ned på kommunenivå. Vi vil sende ut eigen informasjon om dette.

Informasjon om fagsystemet Agros finn de på Landbruksdirektoratet sine sider www.landbruksdirektoratet.no, og i vedlagte brukarretteleing. Fagansvarlege for ordningane SMIL og drenering hos Fylkesmannen i Vestland er Øyvind Vatshelle og Trude Knutzen Knagenhjelm. Silje Anette Nyhammer og Grethe Husevåg Strømmen gjev tilgangar i fagsystemet Agros. De må gjerne kontakte dei dersom de har spørsmål om det nye systemet.

Kontaktinformasjon:

- Silje Anette Nyhammer: e-post fmhosil@fylkesmannen.no Telefon 55 57 21 51
- Grethe Husevåg Strømmen: e-post fmsfghu@fylkesmannen.no Telefon 57 64 30 63

Vi ber om tilbakemelding innan 18. januar om kven som skal ha ulike tilgangar i Agros, og ber om at de sender dette på e-post til fmvllandbruk@fylkesmannen.no.



Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Trude Knutzen Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent